

Vår sakshandsamar
Steinar Nilsen 90564495

Vår dato
17.10.2016

Vår referanse
2012/4362-50/345

Tidligere dato
19.05.2016
04.02.2016

Tidligere referanse
FB 2012/4362-48
NVE 201300050-10

Til
Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Forsvarsbygg sine vilkår til anleggskonsesjon for Tynjadalen og Fosseteigen småkraftverk i Lærdal kommune, Sogn og Fjordane

Forsvarsbygg gav i ref. av 19.05.2016 ei fråsegn til søknad om konsesjon til å bygge Fosseteigen og Tynjadalen småkraftverk, der vi motsatte oss at tiltaket blei gitt løyve.

Under befaring den 21.06.2016 avtalte Forsvarsbygg og tiltakshavar å samtale vidare om dei innvendingane som Forsvarsbygg hadde mot tiltaka. Partane møtte kvarandre på Haakonvern den 10.08.2016. På møtet blei partane samde om at Forsvarsbygg sine ankepunkt kunne fastsettast som krav til konsesjonen. Tiltakshavar vil då kunne fortsette sin planlegging, mens partane arbeider vidare med å avklare om tiltakshavar kan tilfredsstillere Forsvarsbygg sine krav til konsesjonen. Dersom dette ikkje let seg gjere, kan Forsvarsbygg kunne påpeike at konsesjonskrava ikkje er oppfylt, og at anleggsstart dermed ikkje kan settast i verk.

Forsvarsbygg sine krav er grunngitt i at nedre del av Tynjadalen innanfor Forsvarets port er militært område etter Sikkerhetslovens §18a, og at inntaksdam for Fosseteigen kraftverk og røyrgate frå denne ligg innanfor faresona omkring Forsvarets eksplosivlager. Virksomhet i området er derfor omfatta av Brann- og eksplosjonsvernloven. Forsvaret er unntatt frå enkelte forskrifter til loven, og Forsvaret er derfor ansvarleg for sjølv å utarbeide og vedlikeholde eigne retningslinjer for ammunisjonsforvaltning: 'Retningslinjer for ammunisjonstjenesten i Forsvaret' (2008). Reglane har blant anna som formål å minske moglegheita for eksplosjonsulykker og omfanget av ei eventuell ulykke og å klarlegge ansvarsforhold.

Forsvarsbygg sine krav til vilkår til konsesjon for Fosseteigen og Tynjadalen kraftverk:

1. Ammunisjonslager og -håndteringsanlegg må sikrast mot eventuelle dambrot frå inntaksdammen til Fosseteigen kraftverk og røyrbrot frå røyrgate frå inntaksdam til Fosseteigen kraftverk. Sikringa må godkjennast av NVE og Forsvaret. Dersom sikringa ikkje kan godkjennast må dammen flyttast nedstraums ammunisjonslagra.
2. Kraftkablur som passerer Forsvarets anlegg skal ligge i bakken og med avstand minimum 6 meter frå ammunisjonslager og andre bygg der ammunisjon og eksplosiver blir håndtert.
3. Konsesjonær skal i samarbeid med Forsvaret, utarbeide ein plan for tilkomst og opphold av personell, både under anleggsfase og driftsfase. Planen må sikre at Forsvaret sin drift ikkje blir påført uakseptable driftsavbrudd. Planen skal godkjennast av Forsvaret. Alt

Postadresse	Fakturaadresse	Telefon	E-postadresse	Org. nr.
Postboks 405 Sentrum 0103 Oslo	Fakturasenteret Postboks 4394 2308 Hamar	815 70 400 Telefaks 23 09 78 03	post@forsvarsbygg.no Internett www.forsvarsbygg.no	975 950 662 Bankkonto 4714 10 00280

personell som skal ha tilkomst til dalen må godkjennast av Forsvaret. Alle ekstra kostnader som dette påfører Forsvaret skal dekkast av konsesjonæren. Arbeidet kan ikkje settast i gang før planen er godkjend.

Med desse konsesjonsvilkåra vil Forsvarsbygg kunne akseptere at Fosseteigen og Tynjadalen kraftverk blir gitt konsesjon.

Bjørn Bergesen

Seksjonssjef arealplan
Forsvarsbygg eiendom

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og difor ikkje signert.

Kopi til:

Forsvarsstaben

Postboks 800, Postmottak

2617

LILLEHAMMER

Okken Kraft Lærdal KF
